
NOTAT

Til: Viltzemndna

Fra:

Brit Grønmyr

Dok.datu: 16.03.2012

Vår Ref: 12/467-2

REFERAT FRÅ VALDLEIARMØTE 16. MARS 2012

Stad: Kantina på Rådhuset

Desse møtte frå Viltzemndna: Fungerande viltzemndleiar Reidar Brude, Kjell Arne Lybergsvik og Per-Egil Solli Mork.

Frå Valdleiarane: Edmund Reistad og Kjell Andre Smisetfoss for Vågstranda storvald, Knut Oterholm for Oterholm, Roy Dahle for Sandnes og Holm Utmarkslag, Anders Eide for Eide/Indre Rødven, Bjørn-Eirik Johansen for Hamre/Haukeberg, Vidar Skiri for Grytten storvald, Per Bersås for Medalen storvald, Svein Magne Dahle for Isfjorden storvald, Endre Engen for Innfjorden storvald, Kjell Arve Staurset for Grøvdalen sameie og Per Ole Mittet for Mittedalen viltlag.

Tema for møtet var neste års kvotar. Leiaren leda møtet og innleia med presentasjon av viltzemndna og dei frammøtte, og litt om sine tankar rundt den komande jaktsesongen og fortsette med generell diskusjon rundt jakt og jaktutførelsen. Desse innspela er noterte frå møtet:

- I Grytten storvald sine 5 felt har det alltid vore bra med hjort. Auken i kvoten i fjor pga ønske om utleige. Inntrykket no er at stammen er redusert og det er mogleg at kvoten bør reduserast igjen til tidlegare nivå på 65 dyr. Dette skal vurderast på årsmøtet i vår.
- For Hamre/Haukeberg har hjortebestanden stupa dei siste to åra. Spesielt ser ein mykje mindre kalvar. Samarbeidet innan valdet er därlegare no, pga for stor kvote og alle har nok og alle vil at dei ande skal redusere avskytinga.
- Hjorteviltplanen har ei grei målsetjing for Eidsbygda, bestanden skal stabiliserast, men kvotane er likevel som for 5 år sidan. Kommunen bør vurdere nedjustering her.
- I Rødvendalen har et vore jamnt med hjort på 2000-talet.
- I Grøvdalen merkar ein at det har vorte meir bukk etter at dei byrja med driftsplan i Eidsbygda.
- På Vågstranda fungerer storvaldet veldig bra. Har som mål å få til hjort over heile bygda, og har greidd det. Er bevisst på å følge med bestanden. Det er ei god blanding av grunneigarar og jegerinteresser i valdstyret, men alt for mykje hjort frå eit grunneigarperspektiv i dag.
- For lite kontroll på jakta i Måndalen. Bør kontrollere felte dyr mei aktivt der.

- Tildelingsprofilar til mindre vald innan Isfjorden storvald er friare enn for storvaldet, og dette fristar ikkje desse valda til å bli med i storvaldet. Innan storvaldet er det dessutan utfordringar med skeivfordeling av dyr. Det har vore gjort eit forsøk med freding av ei li i Dalsbygda, og 2. året av fredinga var det overvintring av dyr her.
- Valdet Sandnes og Holm fungerer godt. Vil ikkje per i dag konkludere med at bestanden stuper. Valdet har varierande arealkrav, og meiner dei har kontroll på kvotane. Meiner sterke signal frå fylket om å skyte meir kan gå på bekosting av fornuftig avskytingsprofil.
- I Innfjorden er det på Berild ein har merka dei største endringane dei siste åra. Dette er det største feltet, og dei har sjølv justert ned kvotane. Storvaldet ønsker ikkje full brems i avskytinga, men moderate justeringar.
- På Mittet førte ein jordskiftedom til at freden senka seg over hjortejakta for nokre år tilbake. Det blir no observert fleire overvintrande dyr enn før. Det blir for tida jakta lite i ei av fire soner så avskytinga er redusert noko, men det er framleis rikeleg med dyr så det er ikkje behov for nedjustering av kvotane. Tildelinga til jehrane skjer i form av frie dyr. Elgstammen er redusert og stabilisert.
- Det bør vera oftare møter med rettigheishavarar, minst eit par gonger i året, for eksempel etter vårteljinga og på nyåret når fellingstala ligg føre. Hjorteutvalg unødvendig når storvalda fungerer så godt som dei gjer, heller styrke samarbeidet gjennom møte som dette i staden.
- Midlar til kontroll av jaktfelta som har teke på seg eigenkontroll er ein fordel.
- Vårteljingane viktig også for område der ein ikkje tel så mange dyr, for eksempel. Medalen, da det gir eit totalbilete for kommunen som kan brukast også her.
- I Medalen melder enkelte at dei har halde att alt av hodyr på jaktfelta pga mindre tilgang på dyr.
- Viltnemnda bør vurdere møter om storvald i Måndalen og andre bygder der det ikkje er storvald enda.
- Viltnemnda bør sende ut forslag til endringar av bestandsplankvotar til valdleiarane til gjennomlesing før viltnemndmøtet.
- Elgen skulle vore diskutert etter kvart
- Forslag om pålegg om rapportering av sett hjort med heimel i § 19 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever
- Bruk av viltfondet til samkøyring av kontroll av felte dyr, kontrollkort a la rein?
- Har kommunen heimel til å krevje oppbevaring av vilt i 48 timer for kontroll?